



BRUKSAVTALE FOR TRASTADALSHYTTA

- Leikanger kommune skal dekka utgifter til utbetringar, vedlikehald og transport av materialer. Tiltak må avklarast med kommunen før igangsetting.
- Leikanger Jakt og Fiskelag sine medlemmer skal ha tilsynet, og drive vedlikehald når det er naudsynt.
- Leikanger kommune skal ha føregangsretten til hytta når det skal utførast arbeid på demningen. Det skal meldast frå om bruken til **hytteansvarleg** slik at andre brukarar kan varslast.

BRUKSREGLAR

1. Hytta kan berre tingast av medlemer i Leikanger Jakt og Fiskelag og kommunen sine tilsette.
2. Hytta kan førehandstingast for 2 døgn om gongen (16.00-16.00). Dersom ingen andre har tinga hytta, kan hytta nyttast til det kjem ein ny brukar. (Det vil seie at det vert nytt 2 stk nøklar). Den som har overnattat i hytta utover to døgn, må forlate hytta dersom det kjem ny brukar.
3. I jaktperioden er det mogeleg å tinge hytta i tre døgn om gongen. Dette gjeld ut oktober. Det må søkjast skriftleg til styret i Leikanger Jakt og Fiskelag før 15. august. Tildelinga skjer ved loddtrekning. Er det ikkje kome inn søknader, vil vanleg førehandstinging gjelde. Søknad vert å sende hytteansvarleg.
4. Nøkkelen til hytta bør hentast hjå **hytteansvarleg** (sjå informasjon) kvelden før avreisedag.
5. Hytta skal vaskast og ryddast etter bruk. Boss og anna avfall skal bringast med heim att.
6. Hundar skal haldast på eigen madrass/teppe på golvet. Dette for å avgrense allergifaren.
7. Hytta skal låsast forsvarleg, og nøkkelen skal leverast straks ved heimkomst eller etter avtale, (sjå informasjon).
8. Manglar og skader skal rapporterast straks eller ved innlevering av nøkkel.
9. Avbestilling av hytta må meldast så fort som mogeleg slik at andre kan få hove til å overta.
10. Ved endring av desse reglane skal begge partar vere einige.
11. BROT PÅ REGLANE KAN MEDFØRE NEKTING AV SEINARE BRUKSRETT.

- Leikanger kommune -

Per Gjerland
Per Gjerland

- avd.leiar teknisk drift -

Dato:

19/9-98

- Leikanger Jakt og Fiskelag -

Kurt Langefjord
- formann -